

Fra: "Kjell Øvre Helland" <kjell.ovrehelland@gmail.com>
Sendt: fredag 9. august 2024 12.33.34
Til: "uttalelse@nve.no" <uttalelse@nve.no>
Kopi: "Kjell Øvre Helland" <kjell.ovrehelland@gmail.com>
Emne: Høyringsuttale, saksnummer 202301154, utbygging av Krossdalen transformatorstasjon, Modalen kommune

Frå: Kjell Øvre Helland.

Interessent: Disponerer våningshus på garden Liland, Nygardsvegen 571, Nygard, Modalen, som fritidsbustad. Nyttar terrenget i Krossdalen til friluftsliv.

Høyringstuttale vedrørende planlagt utbygging av Krossdalen transformatorstasjon, Modalen.

1. Konsekvensar i anleggsperioden:

a. Det er planlagt stor anleggstrafikk over mange år. Det er også referert i søknad om utbygging til at noverande veg kan bli stengt i periodar. Det er viktig for både hytteigarar og andre interessentar til Nygard at utbyggjar presenterer *eit meir konkret oversyn over planlagt anleggstrafikk, og konsekvensar for dei som nyttar vegen, i anleggsperioden.*

b. Avrenning og forureining av elv: Utbyggjar må beskrive *nærare risiko for forureining av elva i Krossdalen, både under utbygginga og meir permanent.*

2. Konsekvensar ved bygging av ny veg:

Utforming og visualisering: Den nye vegen frå Balane og den nye brua over Tverrelva vil vera eit stort inngrep i naturen i Krossdalen. Det er viktig at det gjennom detaljplanen blir lagt vekt på at *utforming og visualisering blir slik at såra i naturen blir minst mogeleg synlege.*

3. Konsekvensar ved ferdig utbygd anlegg:

a. Permanente massedeponi verkar å vera ein av dei mest synlege permanente verknadane for naturen i Krossdalen. D3 på figur 8 i søknad om utbygging viser massedeponi sør for Tverrelva. Totalt er det tre permanente massedeponi i Krossdalen, to ved det nye anlegget, eit på kvar side av ny/omlagd veg ved Skjergrashaugane, og eit ved Tverrelva. Det skal vera skogkant for å hindre avrenning til elva. Depotet er stort, langt, 300 meter. Det ligg like nedanfor noverande veg. Det er planlagt 30 cm jord over massane. Dette verkar å bli laga med skråkant, slik det uheldigvis vart gjort ved tippen på Kross-stølen under den førre kraftutbygginga. Dette kan bli eit stort sår i naturen, og *utbyggjar må visualisere korleis dette vil*

sjå ut etter ferdig utbygging, og utbyggjar må påleggjast å føre varige deponi mest mogeleg attende til opphøveleg natur.

b. Det må presenterast ein *plan for reperasjon av skader som følgjer av graving og terrengkjøring.*

c. Utbyggjar må leggje fram tal for kor mykje *meir støy det blir frå den nye og forsterka linja for hytter og aktivitet i nærleiken av linja.*

d. Utbyggjar må syne planar for anlegg etter bruk, derunder vøling og oppreinsking. Det er viktige å syne *permanente inngrep i terrenget utover linjer, vegar og sjølve stasjonen.*